



**Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3138

fmv/post@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-  
Gjengedal

Rådgevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO

---

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/19446-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 19.11.2020

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - referat etter møte i rådgevande utval 16.11.20**

Måndag 16.11.2020 kl 14.00 – 16.00

Skei hotell, Sunnfjord

### Desse møtte:

Anne Marie Mjellem, Erik Solheim, Erlend Aunevik, Inge Erikstad, Jan Ove Kornberg, Jostein Fuglestrand, Karoline Bjerkeset, Katrine Aske, Kjell Arne Hjellbrekke, Liv Løken, Marius Dalin, Sverre Sæten, Øyvind Hegrenes, Alf Erik Røyrvik (referent)

---

Saker:

### **1. Opning av møtet v/styrelciar**

Styrelciar Karoline Bjerkeset opna møtet og ønskte velkommen.

### **2. Presentasjon av medlemmane i utvalet, verneområdestyret og forvaltninga**

Alle som var til stades presenterte seg og fortalde kva interesse dei representerte.

### **3. Orientering om utvalet og funksjonen til utvalet**

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik synte ein presentasjon og fortalde om verneområdet, forvaltninga og om rådgevande utval si rolle.

*Sjå vedlagt presentasjon, lysbilette 6 - 15*



#### **4. Forvaltning og saker i 2020**

Alf Erik fortalte om forvaltninga generelt og om kva saker som har vore handsama og jobba med i 2020.

*Sjå presentasjon, lysbilete 16-20*

#### **5. Gjennomførte tiltak i 2020**

Alf Erik orienterte om kva for tiltak som har vore gjennomført i verneområdeforvaltninga sin regi i 2020, og om andre tiltak som har fått støtte frå tiltaksmidlane.

*Sjå presentasjon lysbilete 21-25*

*Sjå og vedlagt oversikt over tiltak og tiltaksmidlar (status på tiltak og tiltaksmidlar Naustdal-Gjengedal 16.11.20)*

#### **6. Aktuelle tiltak i 2021**

Alf Erik orienterte om kva type tiltak som kan få tiltaksmidlar og gjorde kort greie for dei tiltaka som forvaltninga allereie har «på blokka».

*Sjå presentasjon lysbilete 26-31*

Konkrete innspel om aktuelle tiltak i møtet:

- Det er behov for å bytte ut ein del skilt, mellom anna i Gjengedalen. Nokre skilt er utdaterte og stammar frå tida før det kom veg på Gjengedalsstøylen.
- Behov for å merke rette ruta frå Traudalsnibba og opp på Salen. Ruta er lagt om noko ved Geitsvorskaret etter eit steinras for nokre år sidan.
- Fleire stiar i området rundt Kandal treng merkast opp igjen, mellom anna ruta frå Myklandsstøylen og opp mot Skjorta.



## **7. Innspel frå utvalet**

Ordet vart gjeve fritt og medlemmane i utvalet fekk høve til å kome med innspel til forvaltninga. Særleg kom det innspel til graden av tilrettelegging i det verna området.

### Nordfjord Folkehøgskule:

Ein bør vurdere grundig kor man skal gjere tekniske inngrep i samband med tilrettelegging og ikkje overdrive tilrettelegginga.

### Villreinemnda:

Ein bør freiste å styre ferdselen i delar av året. Særleg med tanke på kalvingsområda til reinen i og rundt kalvingstida.

Villreinemnda jobbar med å få satt opp informasjon om korleis friluftslivsbrukarar kan/bør ta omsyn til villreinen. Dette arbeidet bør samordnast med verneområdeforvaltninga.

### Midtre Nordfjord turlag:

MNT jobbar saman med grunneigarar med å få laga til opphaldsplassar og møteplassar i Traudalen og Langedalen. Her vil det vere høve til resting, opphald og grilling, og desse bygga vil dessutan fungere som lager for kajakkar og kanoar.

### Naturvernforbundet:

Vil minne om at naturen er verna for å ta vare på naturlege prosessar i naturen, og at vi ikkje bør gjere tiltak eller tilrettelegging som hindrar dei naturlege prosessane.

Vil og minne om at man ikkje kan eliminere all risiko ved ferdsel i naturen gjennom tilrettelegging, og at man bør unngå tilrettelegging langt innover i verna natur som berre har som føremål å gjere ferdsel enklare.

### Øyvind Hegrenes (grunneigar Angedalen):

Det vert jobba med å legge til rette for ei rundløype rundt Botnavatnet inst i Angedalen. Ein del av denne vil kome inn i verneområdet, men det mest ligg utanfor. Dette er viktig og riktig lågterskel tilrettelegging i randsona til verneområdet.

### Jostein Fuglestrand (grunneigar Kandal):

Det er viktig å fordele bruken av tiltaksmidlar rundt heile verneområdet, slik at det over tid vert ein balansert bruk og fordeling.

## **8. Eventuelt**

### Praktisk kring møta i rådgjevande utval:

Utvalet tykkjer at Skei er ein praktisk og god stad å ha desse møta, og at tidspunktet på ettermiddagen er høveleg.

Vi bør helst ha møta tidlegare på hausten enn det var no i år.